

Til redaksjonen



Presseinvitasjon

20.09.2024

## Frivilligkonferansen Vestland: Vestland blir første fylke i landet med fritidserklæring

Kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery deltek på frivilligkonferansen, og blir vitne til at Vestland blir det første fylket som får ei fritidserklæring. Fylkesvaraordfører Stian Davies signerer på vegner av Vestland fylkeskommune.

**Dag og tid:** laurdag 28. september kl. 10–15. Signeringa er kl. 10.20.

**Stad:** Scandic Bergen City, Håkonsgaten 2, Bergen

Fritidserklæringa er ein intensjonsavtale, der visjonen er at alle barn og unge skal kunne delta jamleg i minst ein organisert fritidsaktivitet i lag med andre. Det offentlege og frivillige lag og organisasjonar i Vestland forpliktar seg til å jobbe for at alle barn har rett til å delta i leik, kulturliv, kunstnarisk verksemd og fritidsaktivitetar.

### Byggjer på barnekonvensjonen til FN

Fritidserklæringa byggjer på barnekonvensjonen til FN, artikkel 31, som seier at barn har rett til kvile, fritid og leik, og til å ta del i kunst og kulturliv.

Ei slik fritidserklæring kan vere ein god reiskap for å sette deltaking i fritidsaktivitetar på dagsorden i dei ulike organisasjonane som deltek og signerer. Arbeidet med fritidserklæring gir også eit godt høve til å samle viktige samfunnsaktørar for å jobbe saman om dette viktige temaet.

### Brei oppslutnad

Desse signerer fritidserklæringa:

- Vestland fylkeskommune
- KS Vestland
- Statsforvaltaren i Vestland
- Vestland ungdomsutval
- Vestland Musikkråd
- Vestland Idrettskrets
- Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland
- Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
- Vestland Innvandrerråd
- Vaksenopplæringsforbundet Vestland
- Vestland Frivilligsentralar
- Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) Vestland

- Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) Sørvest og Nordvest

### **Frivilligkonferansen 28. september**

Fritidserklæringa Vestland blir signert ved opninga av årets frivilligkonferanse samme dag. Konferansen tek føre seg kva som må til for at alle barn og unge får delta i fritidsaktivitetar, korleis vi kan auke det frivillig engasjementet i alle aldersgrupper, og korleis kan vi gjere alt dette saman.

Yousef Hadaoui, kjent frå blant anna Svart humor, Satiriks og andre NRK-program er konferansier for dagen. Konferansen blir sendt direkte i nett-tv, og det blir lagt ut lenke til sendinga på denne sida:

<https://www.vestlandfylke.no/kalender/2024/frivilligkonferansen-vestland/>

### **Nasjonal oppmoding**

Regjeringa signerte den nasjonale fritidserklæringa først i 2016 og på ny i 2022. Erklæringa slår fast at alle barn og ungdomar skal ha høve til å delta i fritidsaktivitetar, og at dei skal bli involverte i og ha medverknad over leik og fritidsaktivitetar. Regjeringa har vidare oppmoda både kommunar og fylke til å lage egne fritidserklæringar.

Enkelte kommunar har fått dette på plass, men Vestland blir det første fylke ut til å signere ei regional erklæring, der aktørar i heile fylket forpliktar seg.

### **Vedlegg**

Fritidserklæringa Vestland

### **Kontaktpersonar:**

Stian Davies, fylkesvaraordfører, 93 62 06 74, [stian.jean.opedal.davies@vlfk.no](mailto:stian.jean.opedal.davies@vlfk.no)  
Åge Avedal, seniorrådgjevar, 97 07 27 34, [age.avedal@vlfk.no](mailto:age.avedal@vlfk.no)